




# HARDANGER FARTØYVERNSENTER

## Maritime handverkskurs - Hardanger trebåtfestival

Det vert fem kurs under Hardanger trebåtfestival 2011. Smiing, lagning av rundholt, repslagning, lagning av halvmodellar og lagning av årar. Det kjem andre kurs i løpet av året og info vert lagt ut fortløpande. Kursa blir haldne same veka frå 14. til 18. juni og er delvis overlappende. HFS serverer felles lunsj til alle kursdeltakarane. Alle kursa avsluttar laurdag ettermiddag. Laurdag vil verta ein flott dag å koma og sjå kva kursdeltakarane har utretta!

Hardanger farrtøyvernssenter finn du i Norheimsund ved Hardangerfjorden, ein times køyring aust for Bergen.



### Kurs i smiing

På kurset som eignar seg for nybyrjarar, vil me læra nokre enkle teknikkar i smiing. Det vil vera å varma opp emna, strekkja, bøya og flata ut emne. Ved hjelp av varme og banking skal me lage lysestakar og krokjar ut av råemna.

Deltakartal: Inntil 6 personar. Kurset startar fredag 17. juni og er ferdig laurdag ettermiddag.

Pris kr 2 400,- inkl materialar og lunsj kvar dag.



### Lag din eigen rundholt (mast, bom o.l)

Kurset varer i fem dagar, og me vil få ei innføring i kva slags materiale som eignar seg til rundholt, tommelfingerreglar for dimensjonering og utforming, verktøybruk, vedlikehald av rundholt og få kjennskap til dimensjonering av riggdetaljar. Med avgrensing i lengde til 12 -13 meter vil deltakarane kunna forma sin eigen rundholt i løpet av kursdagane.

Kurset startar tysdag 14. juni og er ferdig laurdag ettermiddag.

Deltakartal: Inntil 6 personar. Pris: kr. 6 000,- inkl lunsj kvar dag. Emne til rundholt vil koma i tillegg.



### Lag ein halvmodell

Lag ein halvmodell av eit fartøy eller ein båt. På kurset vil me læra å lesa ein båtteikning, og å forma modellen etter teikningen. Modellen vert forma ved hjelp av enkelt handverktøy. Det ferdige resultatet kan monterast på ei plate og hengjast på veggjen heime.

Deltakartal: Maks 10 personar. Pris kr 2400,- inkl materialar og lunsj kvar dag. Kurset går frå fredag 17. juni til laurdag ettermiddag.



### **Reipslaging**

Deltakarane lærer seg å slå tau for hand. Reiputstillinga på fartøyvernsenteret vil vera utgangspunkt for teoridelen. En lærer om ulike materialar som har vore brukt og utviklinga av reipslagingsteknikkar. Ein del av kurset tek føre seg kva dei enkelte taua både i teknikk og materialar er eigna til. Kurset høver for dei som ønskjer å bruka det til vidareformidling.

Deltakarane produserer hampegarn, slår tau og lagar apeneve. Målet er at alle kan få med seg ei kasteline.

Kurset går frå fredag 16.juni til laurdag ettermiddag.

Kurset passar for mellom 5 til 10 deltakarar.

Pris: kr 2 400,- inkl. materialar og lunsj kvar dag



### **Produksjon av årer**

Alle produserer eit par årer som dei får med seg etter kurset.

Kurset startar med å ta ut materialar, og ein lærer materialvurdering. Kursdeltakarane skal læra å vurdera årene si form knytt til roeigenskapane. Kurset tar utgangspunkt i hardangertradisjonen for årer. Me ser på kva særtrekk denne tradisjonen har og variantar i tradisjonen. Sjølve åreproduksjonen tek føre seg oppmerking, sagging og finhandsaming. Kurset går over 3 dagar frå torsdag 15.juni til laurdag ettermiddag.

Deltakartal: maks 10 personar

Pris: kr 3 000,- inkl. materialar og lunsj.

**For påmelding ta kontakt med [info@fartoyvern.no](mailto:info@fartoyvern.no) eller ring 56 55 33 50**  
Velkomen til lærerike dagar i eit maritimt miljø med masse liv og røre rundt deg.  
Du kjem til å treffa folk som er interessert i handverk og kystkultur.

Helsing oss på fartøyvernsenteret.

**[www.fartoyvern.no](http://www.fartoyvern.no)**